



**Referansar:**

**Arkivsak:** 20/00744-19

**Saksdokumenter:**

KR 54.1/20 Høringsnotat om ny økonomiforskrift  
KR 54.2/20 Utkast ny økonomiforskrift

## Høring av ny forskrift om økonomiforvaltninga i sokn i Den norske kyrkja

### Samandrag

Barne- og familiedepartementet har sendt utkast til ny forskrift om økonomiforvaltninga i sokn i Den norske kyrkja på høring. Høringa inneheld også spørsmål om kva reglar for økonomiforvaltninga som i framtida bør bli fastsett av departementet.

Kyrkjerådet sitt høyringsvar støttar forslaget til ny forskrift og kommenterer på dei andre spørsmåla i høringa.

### Forslag til vedtak

Kirkerådet sender svar på «Høring av ny forskrift om økonomiforvaltninga i sokn i Den norske kyrkja» til Barne- og familiedepartementet med dei endringar som kom fram i møtet.

## Saksorientering

### Bakgrunn

Barne- og familiedepartementet har sendt utkast til ny forskrift om økonomiforvaltninga i sokn i Den norske kyrkja på høring (<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/horing-av-ny-forskrift-om-okonomiforvaltningen-i-sokn-i-den-norske-kirke/id2722717/>). Gjeldande forskrift om økonomiforvaltninga for kyrkjelege fellesråd og sokneråd i Den norske kyrkja er frå 2003 og har heimel i kirkeloven. Forslaget til ny økonomiforskrift for Den norske kyrkja lokalt er heimla i ny trussamfunnslov § 14 sjette leddet: "Regnskapsloven

gjelder for regnskapet til rettssubjektet Den norske kirke og for regnskapet til soknet, med mindre departementet har fastsatt annet i forskrift."

Forslaget til ny forskrift er utarbeidd av ei arbeidsgruppe med representantar for to kyrkjelege fellelråd, Kyrkjerådet, KA Arbeidsgivarorganisasjon for kyrkjelege verksemdar og Norges Kommunerevisorforbund. Departementet skriv i høyringsnotatet: «Organisasjonane som oppnemnte medlemmer til arbeidsgruppa er ikkje bunde av forslaget frå arbeidsgruppa. Med andre ord er det eit forslag frå departementet til ny økonomiforskrift som blir sendt på høyring.»

Det er gjort ein del endringar i forslaget til ny forskrift samanlikna med den gamle for å tilpasse til ny trossamfunnslov og ny kommunelov. Departementet skriv:

Trussamfunnslova gir generelt langt færre reglar for Den norske kyrkja enn kyrkjelova, og regulerer ikkje dei kyrkjelege fellelråda. Den norske kyrkja har med lova fått fridom i intern organisering. Sjølv om Kyrkjemøtet har vedtatt ei kyrkjeordning som fører vidare ordninga i kyrkjelova med kyrkjelege fellelråd i alle kommunar, er forskriftsforslaget utforma slik at det ikkje snevvar inn den organisatoriske fridomen trussamfunnslova gir. Derfor bruker forskriftsforslaget trussamfunnslovas ord, dvs. utan referanse til kyrkjeleg fellelråd eller bispedømeråd. Dette har ført til endringar av språklig karakter (...). (Høyringsnotatet side 6).

I tillegg til utkastet til ny forskrift tek høyringsnotatet opp spørsmålet om forskrifta i framtida bør delast i éin del fastsett av Kyrkjemøtet og éin del fastsett av departementet. Det er laga eit utkast til ei kortforskrift som «fastset rekneskapsprinsipp (i lys av det kommunale finansieringsansvaret) og rekneskapens funksjonar (dvs. funksjonane 041–045 og 089) som har betydning for offentleg statistikk.» (Høyringsnotatet side 18).

Høyringsnotatet har også eit forslag til alternative fristar og alternativ arbeidsfordeling for arbeidet med årsrekneskap, årsmelding og revisjon. Dette er tenkt som ei mogleg seinare endring av forskrifta. Forslaget inneber at ein del fristar vert flytta, mellom anna fristen for årsrekneskap frå 15. til 22. februar og fristen for årsberetning frå 1. mars til 15. mars.

## Høyringsssvar

Kyrkjerådet for Den norske kyrkja støttar forslaget til ny forskrift om økonomiforvaltninga i sokn i Den norske kyrkje.

Kyrkjerådet ser det som positivt at forskriftsforslaget er utforma slik at det ikkje snevvar inn den organisatoriske fridomen trossamfunnsloven gir.

Kyrkjerådet meiner at sjølv om den uttrykkelege referansen til at pliktig rekneskapsrapportering omfattar rekneskapsrapportering fastsett med heimel i lov 12. desember 2003 nr. 108 om kompensasjon av merverdiavgift for kommuner, fylkeskommuner mv. § 6 følger av at dette allereie står i lov 27. mai 2016 nr. 14 om skatteforvaltning (skatteforvaltningslova) som bokføringsforskrifta § 2-1 viser til, bør referansen likevel bli tatt med i forskrifta § 14 tredje ledd av pedagogiske grunnar. Regelverket kan være vanskeleg å forstå for dei som fører rekneskapen, noko som kan tilseie at forskrifta bør innehalde nokre pedagogiske gjentakningar sjølv om dei regelteknisk sett er overflødige. Kyrkjerådet legg til grunn at lov 12. desember 2003 nr. 108 om kompensasjon av merverdiavgift for kommuner, fylkeskommuner mv. § 2 fyrste ledd bokstav e) si referanse til kyrkjelege fellelråd, for framtida skal tolkast som organ for soknet, jf. Innst. 208 L (2019-2020) side 4.

For å følge opp forslaget til ny forskrift blir det førebudd ei sak til Kyrkjemøtet 2020 som foreslår å fastsette at bispedømerådet blir det organet det skal meldast til etter § 17 sjuande ledd og § 18 tredje og fjerde ledd.

Kyrkjerådet har ikkje merknadar til forslaget til alternative fristar og arbeidsdeling i kapittel 8 i høyringsnotatet.

Når det gjeld spørsmålet om forskrifta i framtida bør delast i éin del fastsett av Kyrkjemøtet og éin del fastsett av departementet støttar Kyrkjerådet at dette er ei naturleg utvikling. Det er positivt at departementet ved å gi reglar for økonomiforvaltning følgjer med på økonomien i kyrkja.

## **Økonomiske og administrative konsekvensar**

Forslaget til ny forskrift har ingen direkte økonomiske eller administrative konsekvensar for Kyrkjerådet.